SULDAL
KOMMUNE

Skattkammeret
Suldal

Suldal kommune mot 2034

Kommuneplanens samfunnsdel 2022-2034

1. gongs høyring – vedtatt lagt ut av kommunestyret 20.06.22

Innhald

Eksotisk aktiv trygg 3
Kommuneplanen 4
Utvikling i folketal og næring 5
Trivsel og folkehelse 5
Suldal - berekraftig framtid 6
Visjon 7
Suldal mot 2034 8
Å leva, bu og trivast 9
Attraktive Suldal 12
Nyskapande arbeidsgjevar 18
Arealstrategi kommuneplan 2022-2034 20
Sti og løypeplan 22
Vegen vidare 23

Eksotisk aktiv trygg

Korleis vil me ha det i Suldal i framtida? Val og avgjersler me tek i dag vil påverka korleis det er å leva og bu i Suldal i åra som kjem.

Kommuneplanen er det øvste styringsdokumentet i kommunen vår. Det viktigaste er at han er styringsverktøyet for alle politikarane i Suldal, uavhengig av ideologi og politisk partitilknyting.

Suldal har ein mangfaldig og rik kulturhistorie som går langt tilbake i tid. Ein del av kulturhistoria er krafthistoria vår. Utviklinga frå lyset i den første lyspæra i 1916 og fram til i dag, plasserer Suldal på kartet som ein av Noregs største kraftkommunar. Samtidig er det akkurat kraft me ønskjer å kunne nytta meir av lokalt for å sikra verdiskapinga i Suldals-samfunnet vårt i framtida.

Kommuneplanen i Suldal har blitt til gjennom eit stort medverknadsarbeid der innbyggarar, næringsliv, politikarar og tilsette har gitt innspel på kva som bør vera viktige satsingsområde i framtida. Dette er eg svært glad for. I åra som kjem skal me sikra vidare medverknad for å utvikla kommunen vår til ein god stad å bu, besøka og driva næring.

Saman skal me syta for at Suldal er eit skattkammer.

Helsing Gerd Helen Bø
Ordførar

Kommuneplanen

-Kommuneplanen er kommunen sitt øvste og mest overordna styringsdokument som skal gi kraft og retning for korleis kommunen skal utvikle seg fram mot 2034.

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel med ein langsiktig arealstrategi og ein arealdel. Samfunnsdelen inneheld dei langsiktige måla for kva retning Suldals samfunnet og kommuneorganisasjonen skal utvikle seg. Det vert peika på hovudsatsingsområde me skal ha ekstra vekt på og kva strategiar me skal bruke for å nå måla under dei ulike satsingsområda.

Langsiktig arealstrategi skal binde saman samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen gjennom å gje føringar for arealdelen. Arealdelen viser kva areal ein ynskjer å nytte til ulike formål. Den inneheld føresegner om bruken av dei ulike områda og er juridisk bindande.

Kommuneplanen sin samfunnsdel vert førande for alle underliggande planar og strategiar. Konkretisering og prioritering av ulike tiltak vert gjort i dei underliggande planane. Den mest sentrale planen er Økonomiplan med handlingsprogram, men og andre temaplanar og strategiar kan vere med på å konkretisere måla i kommuneplanen.

Utvikling i folketal og næring



Figur 4.3.2 Utviklingsbaner for folketallet i Suldal i de nye og gamle scenariene.

«Suldal har hatt nedgang i folketalet i dei siste ti åra. Ei av årsakene til det fallande folketalet er at Suldal har ei relativt aldrande befolkning og fødselsunderskot. Ei anna årsak er at det har vore fleire som flytter ut frå Suldal enn som flytter inn. Den negative flyttebalansen skuldast dels det sentraliserande flyttemønsteret vi har i Norge, men og at Suldal har hatt ei svak utvikling i talet på arbeidsplassar.

Den svake veksten i arbeidsplassar og folketal i Suldal det siste tiåret er forårsaka av ugunstige strukturelle forhold, kor dei viktigaste drivkreftene er at Suldal har ein forholdsvis aldrande befolkning, at næringslivet er konsentrert til bransjar med låg vekst og det sentraliserande flyttemønsteret i Norge. Utviklinga i Suldal er ikkje dårleg gitt desse vekstvilkåra. Suldal har vore ein gjennomsnittleg attraktiv kommune dersom vi ser utviklinga over tid.

Dersom den regionale utviklinga i landet følger dei same mønstra dei neste åra, vil Suldal få fortsett nedgang i folketalet. Suldal kan bremse denne nedgangen og stabilisere folketalet dersom ein greier å skapa meir vekst enn forventa i næringslivet eller å skape ein høgare bustads attraktivitet, slik at flyttetalla blir betre enn forventa. Det inneber at Suldal må bli ein meir attraktiv kommune for både næringsliv og busetting. For å skape vekst i folketalet må attraktiviteten være svært høg. Sjølv om ein lykkast med å stabilisere eller auke folketalet i kommunen, vil det bli ein sterk vekst i talet på eldre og ein nedgang i talet på barn, noko som vil krevje omstilling i kommunen si drift. Dette omstillingsbehovet, med færre barn og fleire eldre, gjeld ikkje berre Suldal, men er ein situasjon som dei fleste kommunar i landet står ovanfor.»

Kjelde: Telemarksforskning

Trivsel og folkehelse

Folkehelseundersøkinga i 2020 viser at dei fleste i Suldal har det bra, er nøgde med livet og eiga helse, og opplever god sosial støtte. Samstundes er det store forskjellar og i Suldal, og me har framleis utfordringar å ta tak i dei kommande åra.
Suldal skil seg likevel ut med at me er godt nøgde med tilgang til kultur- og idrettstilbod i forhald til andre i Rogaland. Suldal er og den kommunen i fylke med høgast median livskvalitet. Dette vert viktige ting å bygge vidare på om me skal auke attraktiviteten og bu lysta i Suldal.

Suldal - berekraftig framtid

Berekraftig utvikling handlar om å møte dei behova me har i dag, samstundes som me ikkje øydelegg dei framtidige generasjonane sine moglegheiter til å dekke sine behov. Regjeringa har forplikta Norge til å arbeide for å nå måla og det er klare forventningar om at kommunane legger FN sine berekraftsmål til grunn for samfunns- og arealplanlegging. Suldal kommune vil bidra til å arbeide mot desse måla og kommuneplanen er bygd opp etter desse.

Samarbeid for å nå måla
Samarbeid, kommunikasjon og medverknad er ei føresetnad for å nå berekraftsmåla. I Suldal skal me derfor arbeide for å ha eit aktivt lokaldemokrati. Suldal kommune skal leggje til rette for medverknad og dialog, sikre opne prosessar og fremme deltaking.

Sosial berekraft inneber at me saman skaper eit samfunn der alle har moglegheiter til utdanning, arbeid, god helse og kan leve utan å verte diskriminert. Fellesskap, likeverd og toleranse må vere grunnsteinane. Innbyggarane skal ha like moglegheiter til å delta i samfunnsutviklinga og til å vere aktive i forminga av eige liv. Under hovudmålet **«å bu, leve og trivast»** har me samla hovudsatsingsområda me skal arbeida med for å få god sosial berekraft i kommunen.

Økonomisk berekraft handlar om ansvarleg forbruk og produksjon, økonomisk vekst med mindre belastning på miljøet, samt rettferdig og anstendig arbeid. Berekraftig utvikling inneber at det skapast verdiar i lokalsamfunnet som opprettheld eit godt velferds- og tenestetilbod. Under hovudmålet **«attraktive Suldal»** har me samla hovudsatsingsområda for å få god økonomisk berekraft i kommunen.

Miljømessig berekraft inneber å utvikle samfunnet innanfor planetens tolegrense og redusere tapet av biologisk mangfald. Klimaendringane må reduserast, samstundes må me tilpasse oss konsekvensane av endringane som er her i dag. Under hovudmålet **«Grøne Suldal»** har me samla hovudsatsingsområda for å få god miljømessig berekraft i kommunen.

Visjon

Suldal

– eit levande samfunn, rik på naturressursar og kreativ kraft

Eksotisk: *Storslått natur, spanande kontrastar og sanseopplevingar.*
Aktiv: *Levande, stå-på vilje, engasjement, kreativitet, kultur –og naturbaserte aktivitetar.*
Trygg: *Naturleg, stolte og vennlege menneske, gode oppvekst – og levekår, lite kriminalitet*

Skattkammeret Suldal

Å leva, bu og trivast	*Attraktiv*	*Grøn*	*Nyskapande arbeidsgjevar*

Suldal mot 2034

Å leva, bu og trivast

- Alle barn og unge i Suldal skal kvar dag oppleva meistring i eit inkluderande og trygt oppvekstmiljø som fremjar livslang læring.
- Suldal skal vere ein god plass å leva heile livet
- Suldal skal vere ein open og inkluderande kommune der alle kan føle seg heime
- Suldal skal ha aktive innbyggarar som deltek i utviklinga av eige lokalsamfunn
- Suldal skal vere ein spydspiss i kulturlivet i regionen med fokus på kvalitet, breidde og mangfald

Attraktive Suldal

- Suldal skal vere ein kommune det er attraktivt både å flytte til og bli buande i
- Suldal skal vere attraktiv for eksisterande og nye næringar
- Suldal skal ha eit robust, framtidsretta og berekraftig landbruk
- Suldal skal arbeide for god infrastruktur i heile kommunen
- Suldal skal aktivt arbeida for eit godt regionsamarbeid

Grøne Suldal

- Suldal tar vare på sitt særpreg gjennom god forvaltning av natur og kulturlandskapet
- Suldal skal legge til rette for det «grøne skiftet» og ta ei aktiv rolle for å redusere klimagassutslepp
- Suldal skal arbeide for å fremme berekraftige forbruk og produksjon
- Suldal skal være ein klimarobust kommune

Nyskapande arbeidsgjevar

- Suldalspakken skal syne kva Skattkammeret Suldal har å by på
- Suldal kommune skal vera ein lærande organisasjon
- Suldal kommune skal nytta samskaping i utvikling av organisasjonen
- Suldal kommune skal vera ein nyskapande arbeidsgjevar
- Suldal kommune skal vere førebudd på endring i inntekter

Å leva, bu og trivast

Foto: Lise Bjelland

Ein god oppvekst legg grunnlaget for eit godt liv. Gode oppvekstforhold for barn og unge er viktig for dei det gjeld, men er og ein viktig faktor for at heile familien skal trivast. I dag ser vi at fleire barn og unge enn tidlegare melder om psykiske utfordringar og mistrivsel. Det vert ei viktig oppgåve å sikre at ein oppvekst i Suldal gjer ein robust og i stand til å meistre eige liv.

Innbyggarane i Suldal vil i åra som kjem bli eldre og talet på yrkesaktive vil gå ned. Kombinert med at ein i Suldal har store avstandar, spreidd busetnad og minkande folketal, vil dette gje utfordringar i eldreomsorga. Me må arbeide for at me framover får eit aldersvennleg samfunn der den einskilde har ein meiningsfull og helsefremmande kvardag, høg grad av sjølvstende og moglegheit for deltaking i samfunnet.

Mangfald gir styrke. Alle innbyggarane i Suldal sit på ressursar på tvers av funksjonsnivå, etnisitet, religion, seksuell legning og kjønnsidentitet. Det er viktig for alle å føle seg inkludert og føle at ein kan bidra. Å skape eit samfunn der alle føler at dei har ein plass dei høyrer til, vert derfor ei av utfordringane framover.

Mykje av aktivitetane i Suldal i dag skjer rundt om i dei ulike grendene. Det er innbyggarane og samspelet mellom dei som skapar ei grend, vel så mykje som dei fysiske forutsetningane. Det frivillige arbeidet i Suldal har alltid stått sterkt og er drivkrafta bak mykje av det som skjer i kommunen. Skal Suldal fortsett vere ein attraktiv plass å bu, er det viktig at dette arbeidet fortsett, og at nye generasjonar vert aktive deltakarar i utforminga av lokalsamfunnet.

Suldal har eit aktivt og mangfaldig kulturliv som vert sett stor pris på av innbyggarane. Dette er med å sikre attraktivitet og bulyst i kommunen. Det er derfor ei god investering i trivsel å sikre at ein framleis har eit blømande kulturliv i kommunen. Kulturhistoria og kulturlandskapet i Suldal er ein viktig del av identiteten vår. Det er viktig både å forvalte og formidle kulturmiljø på ein god måte. Dette er ein viktige ressurs for opplevingar, folkehelse, trivsel og reiseliv.

Me vil at:	Derfor skal me
Alle barn og unge i Suldal skal kvar dag oppleva meistring i eit inkluderande og trygt oppvekstmiljø som fremjar livslang læring	• Ruste barn og unge for å takle kvardagslivets livets små og store utfordringar • Ha fokus på førebygging og tidleg, tverrfagleg innsats for barn og unge som møter utfordringar, BTI modellen (betre, tverrfagleg innsats) • Prioritere å ha lett tilgang til psykiske helsetjenester for alle, men med spesielt fokus på barn og unge • Framtidas oppvekst- Gi barnehage- og skuletilbod som gjer at barn og unge trygt kan møta framtidige krav og forventingar i samfunnet • Skapa likeverdige og inkluderande utviklings- og læringsmiljø i barnehage og skole • Ha gode rutinar for medverknad frå barn og unge • Legge til rette for gode møteplassar for ungdom, mellom anna gjennom å støtte idrettslag, foreiningar og andre frivillige som jobbar med barn og unge • Legg til rette for at alle barn og unge har høve til å delta i fritidsaktivitetar • Auka kompetansen til dei vaksne (føresette og tilsette) i eit system som fremmer trygge, robuste barn og unge
Suldal skal vere ein god plass å leve heile livet	• Sikre gode helse- og omsorgstenester til alle innbyggjarar • Legge til rette for at innbyggjarar kan ta gode val for eigne liv • Sikra fullverdige liv gjennom tilrettelegging for gode kulturopplevingar, fysisk aktivitet og rekreasjon • Ha fokus på å få innbyggjarar med god helsekompetanse kring eigen helsesituasjon • Arbeida tverr-sektorielt for å sikre rette tenester med fokus på god innbyggarinvolvering • Legge til rette for kvardagsmeistring, førebyggande aktivitetar og at dei som ønsker det kan bu heime. • Bruk velferdsteknologi i tenestene for å gi innbyggarane auka livskvalitet og for å auke kommunen sin omsorgskapasitet • Tilpasse tenestetilbodet med omsyn til folketalsutviklinga
Suldal skal vere ein open og inkluderande kommune der alle kan føle seg heime.	• Legge til rette for gode møteplassar på tvers av generasjonar og kulturar • Legge prinsippa for universell utforming til grunn for samfunnsutviklinga • Sikre deltaking for alle uavhengig av økonomi • Styrke arenaer for sosial inkludering som stimulerer til samfunnsdeltaking
Suldal skal ha aktive innbyggarar som deltek i utviklinga av eige lokalsamfunn	• Bygge sterke nettverk mellom vaksne som saman støtter barn, unge og kvarandre i kvardagen • Legge til rette for eit rikt organisasjonsliv • Aktivt støtte og nytte det frivillige arbeidet i kommunen • Styrka lokaldemokratiet gjennom å nytte grendeutvala og politiske råd for å få god medverknad • Styrka kontakten mellom innbyggarane og kommunen for saman å kunne utvikle eit godt samfunn

	• Engasjere hyttesuldølen til aktiv deltaking i lokalsamfunnet
Suldal skal vere ein spydspiss i kulturlivet i regionen med fokus på kvalitet, breidde og mangfald	• Utvikle satsinga på basistilbod innan idrett og kultur • Utvikla nye og eksisterande arenaer, møteplassar og nettverk • Vera drivkraft for å implementera kultur og kulturskaping • Sikre både materielle og immaterielle kulturminne gjennom fysisk bevaring og formidling • Legge til rette for at kunstnarar og kulturarbeidarar kan bu og virka i Suldal

Attraktive Suldal

Foto: Suldal Foto

Innbyggarane i Suldal gir uttrykk for at Suldal er ein flott plass å bu. Dei trekk spesielt fram kvalitetar som god tilgang på fantastisk natur, eit inkluderande samfunn der folk bryr seg om kvarandre og eit blømande kulturliv. Trass dette har Suldal eit minkande folketal. Skal ein oppretthalde gode tenester i heile kommunen er det viktig at folketalet ikkje vert for lågt. Ein må ha fokus på kva som gjer det attraktivt for folk å bli, flytte tilbake eller flytte til Suldal.

Næringsutvikling og samfunnsutvikling er to sider av same sak. Nokre av dei viktigaste suksessfaktorane for å lykkast er *samhandling, samskaping og samarbeid*.
Næringslivet er i stor grad basert på naturressursane i kommunen. Basisnæringar som landbruk og skogbruk står sterkt. Kraftproduksjon og bergverk representerer sentrale næringar, men har framleis potensiale for auka verdiskaping.

Suldal har vekst i regionale næringar som transport-, bygg- og anleggsbransjen og det er eit viktig fortrinn at desse næringane opprettheld konkurransekrafta. Som Noregs største kraftkommune og ein kommune med rik tilgang på naturressursar har ein store moglegheiter for verdiskaping basert på klimaendringar og krav som følgjer av dette.

Suldal har og eit stort potensiale som eit berekraftig og attraktivt reisemål, basert på kulturbasert reiseliv, aktivitets- og arrangementsutvikling. Det er viktig med attraktive sentrum for å styrka den lokale handelen.

Suldal skal ha attraktive grender med møteplassar og lokal handel. Sand sentrum skal i tillegg vere eit kraftsenter for innbyggarar, næringsliv og besøkande i heile kommunen. Det må utviklast eit felles framtidsbilete og ein heilskapleg plan for eit fleirfunksjonelt og framtidsretta kommunesenter. Planen må støtte opp under den positive aktiviteten som allereie finst og leggjast til rette for vidareutvikling av denne.

Suldal har potensiale i å verta meir synleg, og kommunisere Suldal sine mange kvalitetar rik på naturressursar og kreativ kraft. Framsnakking og stoltheit må bli ein større del av kulturen vår. Skattkammeret Suldal er vår felles merkevare – Eksotisk – Aktiv – Trygg. Dette må kommuniserast og være en del av den heilskaplege og målretta omdømmebygginga.

Landbruket er og har vore ei viktig næring i Suldal. Jord- og skogbruket har forma kulturlandskapet i kommunen og næringa er sentral for spreidd busetting og sysselsetting i heile kommunen. Skal me oppretthalde landbruket i Suldal må me arbeida for gode rammer for næringa, tenke innovativt og sjå på nye moglegheiter for utvikling og samarbeid.

Suldal kommune er ein utkantkommune med spreidd busetnad. I tillegg ligg me eit godt stykke unna dei større regionsentera i Rogaland. Dei naturgitte forholda gjer det utfordrande å opparbeide god infrastruktur i heile kommunen. Skal ein sikre framtidig vekst og busetting er det ein føresetnad at alle fastbuande har god mobil- og fiberdekning, at me har trygge og gode vegar og at det er enkelt å reise inn og ut av kommunen.

Suldal vil ikkje åleine klare å dekkje alle behov i framtida. Det vert stilt stadig strengare krav på ei rekke fagfelt og det er viktig at ein gjennom eit aktivt regionsamarbeid ser på nye felles løysingar.

Me vil at:	**Derfor skal me:**
Suldal skal vere ein kommune det er attraktivt både å flytte til og bli buande	• Styrke og synleggjere kommunen sin identitet, særpreg og attraksjonsverdi • Arbeide for attraktive, inkluderande og levande grender med gode møteplassar • Utvikle Sand sentrum til eit framtidsrette og heilskapleg sentrum for alle innbyggarar, næringsliv og besøkande • Synleggjere jobb-, bustadmoglegheiter og servicetilbod for å behalde arbeidskraft og tiltrekke fleire arbeidstakar • Ha eit variert bustadtilbod tilpassa ulike livsfasar • Til ei kvar tid ha ledige byggeklare tomter i kommunen
Suldal skal vere attraktiv for eksisterande og nye næringar	• Legge til rette for kontorfellesskap og innovative miljø • Vera attraktiv for forsking og utvikling, entreprenørskap og innovasjon • Synleggjera samspelet mellom laks, vatn og kraft • Legge til rette for opplevingsbasert berekraftig natur- og kulturbasert reiseliv • Arbeide for høgt tal på lærlingplasser både i kommunen og næringslivslivet • Entreprenørskap i skulen – samarbeid mellom skole, kommune og næring • Legge til rette for behovstilpassa næringsareal på strategisk viktige stader i kommunen
Suldal skal ha eit robust, framtidsretta og berekraftig landbruk	• Jobbe for gjensidig forståing mellom overordna mynde og landbruket • Styrke og utvikle hald av beitedyr som viktig næring og produksjon, for å oppretthalde kulturlandskap og artsmangfald • Arbeida for eit berekraftig og aktivt skogbruk med fokus på skogkultur, skjøtsel og vegleiing og fremme bruk av tre i det grøne skifte • Utvikle og utnytte potensiale for ulike tilleggsnæringar • Ha ei streng haldning til fritak for buplikta på landbrukseigedomar • Bidra til gode generasjonsskifte i landbruket slik at det vert attraktivt for unge å satse på landbruk • Ha eit strengt jordvern i saker som gjeld frådeling og om disponering
Suldal skal arbeide for god infrastruktur i heile kommunen	• Samarbeide med eksterne aktørar for å arbeide mot at alle fastbuande får mobil- og fiberdekning eller tilsvarande • Arbeida for trygge vegar både i kommunen og inn og ut av kommunen • Arbeida for gode kollektivtilbod • Arbeida for realisering av Haukelibanen • Oppruste kommunale vatn- og avløpsanlegg slik at dei tilfredsstiller kvalitets og klimakrav

Suldal skal aktivt arbeida for eit godt regionsamarbeid	• Være pådrivar og deltakar i regional utvikling og samarbeid • Arbeida for tilbod om desentralisert utdanning • Vidareutvikle reiselivssatsing gjennom regionalt samarbeid

Grøne Suldal

Foto: Lise Bjelland

Natur- og kulturlandskapet er ein av dei største ressursane me har i Suldal. Naturen og utmarksområda er viktig for både bulyst, rekreasjon og folkehelse for fastbuande og besøkande. Natur- og kulturlandskapet er med på å gje oss identitet, anten me snakkar om kystlandskapet, landbruksbygdene eller høgheia. Det er derfor viktig at me framover finn ein god balanse for korleis vi forsett kan nytte natur- og kulturlandskapet utan at det mistar sitt særpreg og verdi.

Noreg har eit mål om å meir enn halvere klimagassutsleppa innan 2030. Skal ein nå dette målet vert overgangen til fornybare energikjelder og energieffektivisering viktig både for privatpersonar og kommunen som organisasjon. Suldal som ein stor vasskraftkommune, som produserer mykje fornybar energi, har gode forutsetningar for å bidra i «det grøne skiftet». Det er viktig at me i åra som kjem tek ei aktiv rolle i arbeidet med å redusere utslepp og legge om til eit meir klimavennleg energiforbruk. Like viktig som å redusere utslepp er det å halde på naturen si evne til å binde CO^2. Suldal har mykje utmark, skog, myr og landbruksareal som er viktig for CO^2 lagring.

Vi må i åra framover gjere meir med mindre ressursar. Slik det er no forbrukar vi meir enn kva som er berekraftig for kloden. Ei utfordring framover vert derfor, både som kommuneorganisasjonen og som enkelt individ, å sjå på korleis vi kan nytte ressursane på ein betre måte.

Det er i framtida venta vesentleg auke i kraftig nedbør, meir overvatn og fleire og større regnflaumar. Havnivået vil stige og gje særleg utfordringar i samband med stormflo. Vi må vere førebudd på auka fare for jord-, flaum – og sørpeskred, og det kan kome på nye stader. I Suldal må vi i tillegg rekne med auke i steinras som følgje av auka ekstremnedbør. Til tross for meir nedbør, kan høgare temperaturar og meir fordamping gi auka fare for tørke om sommaren. Samfunnsøkonomisk er det betre å førebyggje enn å reparere skadar i etterkant. Ein må arbeide systematisk med risiko- og sårbarheits analyser, og ta omsyn til klimaendringane i all kommunal planlegging. Suldal kommune må ruste seg til å bli klimarobust.

Me vil at:	Derfor skal me
Suldal tar vare på sitt særpreg gjennom god forvaltning av natur og kulturlandskapet	• Legge til rette for gode og tilgjengelege rekreasjons- og friluftsområde • Tilrettelegging for aktivitetar og opplevingar basert på lokale natur- og kulturressursar • Ha god forvaltning av og formidle verdiane som ligg i kulturminne og kulturmiljø • Ha god forvaltning av og formidle verdiane av naturmangfald og biologisk mangfald • Ha god lokal forvaltning av dei ulike verneområda i kommunen
Suldal skal legge til rette for det «grøne skiftet» og ta ei aktiv rolle for å redusere klimagassutslepp	• Legge til rette for energisparing og fornybare energiløysingar både i kommunal og privat regi • Ha kommunale bygg og anlegg med innovative, fornybare og lønsame energitiltak • For kommunale bygg vurdere og velje klimavenlege byggemateriale, medrekna tre, i staden for betong og stål, der det er mogleg og tenleg • Arbeida for at me får ei berekraftig næringsutvikling med minst mogleg klima- og naturavtrykk • Stille klima- og miljøkrav i kommunen sine innkjøp og investeringar • Ha ein langsiktig arealstrategi for å ta vare på matjord, produktiv skog, myr, våtmark og andre karbonrike areal • Arbeide for å få på plass ladeinfrastruktur på knutepunkt i kommunen
Suldal skal arbeide for å fremme berekraftige forbruk og produksjon	• Være ein pådrivar for miljøvennleg forbruk og sirkulær økonomi, med fokus på gjenbruk, ombruk, redusert avfallsmengde og matsvinn, i dialog med innbyggarar og næringsliv. • Redusere mengda avfall som kommunen bidreg med, mellom anna gjennom å sjå på moglegheiter for gjenbruk • Støtte tiltak som fremmar ombruk, reperasjon, utlån og delingsordningar
Suldal skal være ein klimarobust kommune	• Ha oppdatert kunnskap om forventa klimaendringar og legge desse til grunn i planlegging, forvaltning og sakshandsaming • Legge vekt på samfunnstryggleik og natur fare ved utbyggingar og systematisk bruke risiko- og sårbarheits analysar for å avdekke sannsyn for og konsekvens av uønskte hendingar • Prioritere naturbaserte løysingar for overvasshandtering, flaum- og skredsikring • Ta vare på økosystemtenester som våtmarker, myr og kantvegetasjon som kan dempe effektane av klimaendringane

Nyskapande arbeidsgjevar

Behalda, utvikla og rekruttera

Foto: Fotograf Nordtveit

Ein god arbeidsgjevarpolitikk er bærebjelken hjå ein framtidsretta og nyskapande arbeidsgjevar. Arbeid er ein viktig del av livet til den einskilde innbyggjar og for samfunnet. Mange har Suldal kommune som sin arbeidsgjevar. Difor er det viktig at Suldal kommune tenker nytt og kreativt om korleis me ønskjer å behalde, utvikla og rekruttera tilsette.

Både geografi og folketalet i kommunen skapar utfordringar. Me har fleire små arbeidsplassar med store avstandar og lågt folketal i forhold til areal. Dette skapar utfordringar med å levere tenester av rett kvalitet, og behalde og rekruttere rett kompetanse. Samstundes kan dei økonomiske rammene endra seg i åra som kjem, og me må vera i stand til å tilpasse oss dette.

For å møte utfordringane i framtida må Suldal kommune vera ein nyskapande og kompetent arbeidsgjevar, med gode høve for læring og utvikling. Suldal kommune skal ha ein arbeidsgjevarpolitikk som ser heile menneske. Me skal arbeida for å skape heiltidskultur og eit arbeidsliv for alle. Me skal bidra til at alle tilsette trivast i kommunen både på jobb og fritid. Arbeidsgjevarpolitikken skal syne dei gode aspekta ved det å jobbe, bu og leve i Suldal. Det er viktig at Suldal er ein føregangskommune innan bruk av nye løysingar og ny teknologi.

Med sine ressursar i folk og natur har Suldal kommune alle føresetnader for å vera ein attraktiv og berekraftig arbeidsgjevar.

Saman vil me skape framtida for Suldal kommune!

Me vil at:	Derfor skal me:
Suldalspakken skal syne kva Skattkammeret Suldal har å by på.	• Vera pådrivar for eit likestilt og inkluderande arbeidsliv • Bidra til busetjing • Tilby heile stillingar og konkurransedyktig løn • Bidra til inkludering i Suldalssamfunnet ved å leggja til rette for ei aktiv fritid
Suldal kommune skal vera ein lærande organisasjon	• Leggja til rette for vidareutvikling av alle tilsette • Satse på lærlingar og vera ei god lærebedrift • Sikre rett kompetanse • Satsa på fag- og leiarutvikling på alle nivå
Suldal kommune skal nytta samskaping i utvikling av organisasjonen	• Utvikla ein fagleg sterk organisasjon med fokus på trivsel og innbyggarinvolvering • Arbeida mot heilskaplege tenester og fokus på medverknad frå brukarane • Nytta partssamarbeidet til utvikling og omstilling av kommunen som attraktiv arbeidsstad
Suldal kommune skal vera ein nyskapande arbeidsgjevar	• Aktivt søkje og ta i bruk nye arbeidsmåtar, ny teknologi og digitalisering • Vera opne og nysgjerrige i møte med endring • Tenke nytt i utveksling og tileigning av kunnskap • Utvikla nettverk og samarbeid over kommunegrensene
Suldal kommune skal vere førebudd på endring i inntekt	• Til ei kvar tid ha ein buffer for fall i kraftinntekter • Tilpasse tenestenivå til inntektsnivå

Arealstrategi kommuneplan 2022-2034

Arealstrategien skal bygge opp under måla og strategiane i samfunnsdelen og gje overordna føringar for kommunen si utvikling i eit langsiktig perspektiv. For Suldal kommune er det viktig at me gjennom bruk og vern av areal sikrar at me tek vare på vår eigenart, samtidig som me legg til rette for vekst og utvikling.

Me skal styrke den sosiale berekrafta i kommunen gjennom fylgjande arealstrategiar:

- Me skal oppretthalde busetting og trivsel i kommunen gjennom å vidareutvikle grendene som attraktive møteplassar. Sand skal vidareutviklast som eit framtidsretta og fleirfunksjonelt kommunesenter der ein finn gode service- og kulturtilbod.
- Det skal vere areal for bustadbygging i alle grender. Hovudutbygginga av bustader skal vere i gå/sykkelavstand til butikk/skule i grendesentra for mindre trong for transport. Me skal leggje til rette for at det kan byggast varierte bustader som tek vare på mangfaldet i befolkninga og som passar til ulike livsfasar.
- For å sikre moglegheit for bustadbygging og i kommunen sine utkantar, skal me vidareføre områda sett av til spreidd bustad- og næringsbygging.
- Me skal syte for at barn, unge, eldre og funksjonshemma sine interesser vert tatt omsyn til i arealplanlegginga i kommunen. Universell utforming, tryggleik og god tilgang skal vektleggast.
- Me skal legge til rette for folkehelse og trivsel gjennom å sikre, gode og lett tilgjengelege rekreasjons- og friluftsområde, i nærleiken til der folk bur.
- Me skal arbeida for innbyggarinvolvering.

Me skal leggje til rette for ei økonomisk berekraftig arealutvikling

- Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørge for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal.
- Me skal sikre eit levedyktig landbruk, som tek vare på verdiskaping og kulturlandskap, gjennom ei streng forvaltning av jordvernet.
- Me skal leggje til rette for bygging av fritidsbustader i kommunen, men areala som vert lagt ut skal samsvare med utbyggingshastigheit, planreservar og berekraftig bruk av areala.
- Me skal ta vare på kulturminne og kulturmiljø for å bevare vår eigenart, men og som ein ressurs for reiseliv og næringsutvikling.
- Me skal forvalte areala langs Nasjonal turistveg på ein måte som oppretthald og styrkar natur- og kulturopplevingane for turistar og fastbuande.

Me skal leggje til rette for ei miljømessig berekraftig arealutvikling:

- Me skal vektlegge høg utnyttingsgrad i bustad-, fritidsbustad- og næringsområde for å nå dei nasjonale måla om redusert omdisponering av dyrka/ dyrkbar mark og å redusere inngrep i våtmark og myrområde.
- Me skal plassera utbyggingsområde og utvikla desse slik at dei toler konsekvensar av klimaendringane, som til dømes auka risiko for flaum, vind, stormflo, skred og steinsprang.

- Me skal finna balansen mellom vern og bruk ved å ha tydelege skilje mellom dei store natur- og utmarksområda og utbyggingsområde. Grensa mot heia/fjellet går ved omsynssone villrein. Det skal ikkje planleggast nye utbyggingsområda innanfor denne sona. Suldalsheia skal forvaltast i tråd med retningslinjene sett i regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.
- For å sikre ålmentas tilgjenge til strandsona skal me vere restriktive med å leggje ut byggjeområde i 100-metersbeltet langs sjø. Me skal ikkje opna nye, urørte strandområde for utbygging før det etablerte utbyggingspotensiale er realisert. Det skal likevel kunne leggast til rette for kystbasert næringsutvikling og natur- og kulturbasert næringsutvikling, innanfor samla tolegrense for utbygging i strandsona.
- Me skal avklare bruken av sjøareala med å fortsett sette av område eksklusivt til friluftsliv og fiske. Arealbruken til oppdrettsnæringa skal avklarast og dei reelle områda settast av. Me skal ta vare på Sandsfjorden som nasjonal laksefjord, og det skal ikkje avsettast nye areal til lakseoppdrett i fjorden.

Foto: Suldal Foto



Sti og løypeplan

Merka sti og løyper i Suldal kommune finn ein på temakart «tursti og løyper». For dei som ynskjer å gå utanom merka løyper, har Suldal eit stort nettverk av gamle ferdselsvegar.

- **Turstiar i nærmiljøet:** Suldal har eit flott nettverk av turstiar i alle grendene, som vert merka og haldt ved like av dei frivillige. Desse er viktig for trivsel og folkehelse og arealplanleggingane i kommunen skal ta omsyn til desse nettverka. Kommunen skal aktivt støtte arbeidet som vert gjort for å oppretthalde tilbodet. Dersom det er ynskje om å opprette nye turløyper må dette skje i samarbeid med grunneigarar.
- **Grøntdrag:** Det ligg inne eit grøntdrag i kommuneplanen frå Sand til Suldalsosen. Det er et mål å få opparbeid dette strekket slik at det kan syklast heile vegen. Det er og lagt inn eit grøntdrag frå Jelsavågen til Giljestranda. Her er målet ei enklare tilrettelegging av sti, for å auke ålmenta si tigong til strandsona.
- **Sykkelløyper:** Det ligg inne merka sykkelløype frå Gullingen til Førrevassdammen og frå Nesflaten inn Stølsdalen. Det skal ikkje merkast nye sykkelløyper i nasjonalt villreinområde eller omsynssone villrein.
- **Turstier i heio**: I Suldalsheia har vi eit samanhengande nettverk av merka turistløyper mellom turisthyttene, som vert vedlikehaldt av Stavanger Turistforening. I Gullingen/Mosvatnområdet har mange ulike aktørar gjennom åra opparbeid eit godt turstinett. Kommunen kan ta ei rolle for å samordne merkinga frå dei ulike aktørane. Det skal ikkje etablerast nye merka turløyper i nasjonalt villreinområde eller omsynssone villrein. Eit eventuelt unntak kan vere om ny rute erstattar ei rute som vert lagt ned.
- **Skiløyper:** Gullingen/Mosvatnområdet er hovudsatsingsområde for vinterfriluftsliv i Suldal og her finn ein eit nettverk av maskinkøyrde og kvista skiløyper. Kommunen støttar arbeidet for å fremje folkehelse, friluftsliv og idrettsglede blant både fastbuande og besøkande. Det er og maskinkøyrde skiløyper i Hamrabø og med meir ujamne mellomrom på Nesflaten og i Kjetilstadlio. I høgheio kvister Stavanger Turistforening sitt løypenett seinast til påske.
  Av omsyn til villrein skal maskinkøyring av løyper stoppast for ein periode dersom det vert observert villrein i området løypa går i. Dette skal forvaltast gjennom ein god dialog mellom løypekøyrarar, SNO og kommunen, der ein til ei kvar tid søkjer å ha oppdatert informasjon om villrein i området. Det skal ikkje etablerast nye trasear for maskinkøyrde løyper inn i nasjonalt villreinområde eller i omsynssone villrein.

Vegen vidare

Samfunnsdelen til kommuneplanen er det viktigaste styringsverktøyet vi har, og skal leggast til grunn for alt arbeid og vidare utvikling av kommunen vår. Samfunnsdelen er styrande for økonomiplanen og handlingsplan. I andre planar vert mål, delmål og strategiar konkretisert. Utviklinga i Suldal i planperioden vil ikkje berre skje i kommunal regi, men i heile lokalsamfunnet.

Kommuneplanens samfunnsdel sett retninga for utviklinga framover – måla når vi saman.

Kva er utfordringane?

Planstrategi

Kva skal me oppnå?

Samfunnsdelen til kommuneplanen

Korleis skal me bruka areala våre for å nå måla?



Arealdelen til kommuneplanen

Korleis skal me arbeida for å oppnå måla?

Temaplanar/ strategiar

Kva skal me gjera dei neste fire åra for å nå måla?

Økonomiplan/ handlingsdel

Kva vart resultatet?

Årsmelding